



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/1191-2

Skriv og meldingar 22. februar 2017

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriva og meldingane til vitande

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Meldesak 1) Digitalisering av sjukmeldinga- sjukefråværsoppfølginga

Varsling til nærmeste leiari med personalansvar på e-post eller sms når den tilsette har levert sjukmelding via altinn.

Leiarar kan også nytte « sjukefråværs-appen som inneholder:



- Hugseliste over lovpålagede oppfølgingspunkt med informasjon om tidsfristar og kven som har ansvaret.
- Eit varslingssystem som gir påminning undervegs. Den varsler om alle kommande aktivitetar for sjukmeldte medarbeidarar to veker før fristen går ut med ein siste påminning same dag.
- Muligkeit for å legge inn egendefinerte varslar.
- Tips og råd, mellom anna om korleis arbeidsgjevar kan førebygge sjukefråvær og legge til rette for at arbeidstakaren som er sjukmeldt kan halde fram i arbeid.
- Denne har tidlegare vore presenterte i Portalen.

Meldesak 2) Bht- honoraret for bruk av bedriftshelsetenester er i endring

BHT honoraret er eit økonomisk virkemiddel eksklusivt til IA verksemder. Det skal stimulera til tidleg og målretta bruk av bedriftshelsetenesta. Dette er ei nyttig ordning som no får ei forskriftsendring.

Vi er urolege for at ny søknadspraksis skal medføre at t.d. arbeidsplassvurderingar vert forseinka med dei uønskte konsekvensar dette kan ha for helseplager og fråvær. NAV arbeidslivsenteret som sakshandsamar har som sin intensjon er å få etablert så smidige ordningar som råd.
Vi følgjer med kva konsekvensar dette vil få for oss.

Meldesak 3) Staminabarometeret – ein avslutta pilot ved Mo og Øyrane vg skule

Etter velvilje og entusiasme ved leiinga og dei tilsette ved Mo og Øyrane vg skule inngikk vi og Stamina Helse ein pilotkontrakt den 23.6.2016. Gjennomføringa av undersøkinga var godt forankra i leiinga og LAMU i samarbeid med Stamina. Det vart kartlagt modulane HMT, Arbeidsmiljø og Sjukefråvær. Skulen fekk ein svært høg svarprosent på denne undersøkinga med heile 88,74 %. Tema i spørjesettet engasjerte dei fleste og er truleg årsaken til høg deltaking.

Resultatet har vore lagt fram på personalmøte og blir handsama i LAMU. Tilbakemeldingane går på at det er på områda informasjon og kommunikasjon ein må jobba mest med i første omgang. Det er vanskeleg å finna fram til det ein leitar etter. Det andre er at alle har ei plikt på seg til å setja seg inn i lover og reglar, uansett om ein er i situasjonen eller ikkje.

Meldesak 4) HMS-Interaktiv – eit verktøy frå Stamina Helse

Kort informasjon frå Stamina Interaktiv:

Stamina leverer eit nettbasert system for HMT og Internkontroll, HMS Interaktiv. Systemet sikrar ei effektiv og solid oppfølging av HMT-rutinar på både pc og smarttelefon. Systemet er intuitivt og hjelper oss å styre og planlegge aktivitetar gjeldande HMT og personal gjennom året. Systemet minner oss også på oppgåver som bør gjeres på eitkvart tidspunkt. Samlege HMT-prosessar kan leggjast inn i systemet. Den ferdige skjematikken/ malane gir mulegheit til å sette opp ei solid HMT-Handbok. Samlege skjema og malar er alltid oppdatert. Systemet oppfyller samlege krav som vert stilt stiller til HMT, risikovurderinger, personalhandbøker og personal.

Her kan du sjå korleis HMT Interaktiv fungerar:

<https://www.staminagroup.no/finnoss/larvik/stamina-interaktiv/hms-interaktiv/>

Om HSU ønskjer det kan vi be Stamina presentere dette for oss i neste møte den 24. mai.

Meldesak 5) Forskriftsendring – vold og truslar om vold

Arbeids- og sosialdepartementet har vedteke nye regler om vold og truslar i arbeidslivet gjeldande fra 1. januar 2017. Sentralt her er krav om at verksemndene skal kartlegge kva risiko det er for at arbeidstakarane kan bli utsett for vold eller truslar.

Frm-personal revidere vedtekne reglar og prosedyrar for å tilpasse dei til endringar som er gitt i dei nye føreseggnene.

Dei nye føreseggnene stiller mellom anna

- krav om at verksemndene skal kartlegge kva risiko det er for at arbeidstakarane kan bli utsett for vold eller truslar,
- at arbeidstakarane får naudsynt opplæring i førebuing og handtering av vold- og trusselsituasjoner,
- at arbeidstakarane og deira tillitsvalde får naudsynt informasjon, m.a. om kva for rutinar som er sette i verk for å førebue, handtere og følge opp vold- og trusselsituasjoner,
- at verksemndene gjennomfører dei tiltaka som må til, og at tilsette som blir utsett for vold og truslar blir følgde opp på ein god måte i etterkant.

Nytt kapittel [23A](#) i forskrift om utførelse av arbeid. [Du finn føreseggnene om vold og truslar i arbeidslivet her](#) (PDF)

Meldesak 6) Ny vugleiar om overvaking av arbeidsmiljøet

Overvaking med kamerar ved inngangsparti, ved kassa og på lageret i butikkar. GPS-målarar som posisjonerer bilar og dermed også sjåførane. Id-kort som fortel når du kjem og går.

- Et grunnleggende prinsipp er at alle har krav på personvern og privatliv - også på jobb. Den nye veilederen skal gjøre det enklere å sikre at vilkårene for å iverksette kontrolltiltak er tilstede, og at bruken er i samsvar med regelverket, seier fungerande direktør Borghild Lekve i Arbeidstilsynet.

Arbeidstilsynet, Datatilsynet og Petroleumstilsynet har i samarbeid med partane i arbeidslivet utarbeidd ein ny vugleiar. Sjå vedlegg.

Meldesak 7) Regionreforma

Regionreforma er ein prosess starta av regjeringa med mål om å skipe større regionar i staden for dagens fylkeskommunar. Nye regionar skal vere på plass innan 2020. Stortinget har vedtatt at det framleis skal vere tre folkevaldenivå. Regjeringa meiner Noreg bør delast inn i om lag ti nye folkevalde regionar med større ansvar for samfunnsutviklinga i eigen region.

Om det blir ein faktisk region med dei to fylka, det er opp til Stortinget å avgjere. Regjeringa legg fram ein stortingsproposisjon om regionreforma vinteren/våren 2017. Der vil dei leggje fram forslaget sitt til nytt regionkart. Stortinget gjer endeleg vedtak i saka i juni 2017. Sjå [Portalen](#) for siste nytt.

Meldesak 8) SFJ 2019

Arbeidet med SFJ2019 følgjer i stor grad same prosess som for Økonomiplan 2016–19. (Fylkestinget vedtok ny økonomiplan (2017–20) i juni 2016). To av over 60 utgreiingsarbeid står att. Desse er Fagskulen i Sogn og Fjordane og reinhaldartenestene. Sjå [Portalen](#) for siste nytt.

Meldesak 9) Gratis IA-webinar frå NAV arbeidslivsenteret

I vår kan ein velje mellom grunnkurs, leiartips og temakurs! Kursa er for alle, men særskilt for den som har ei leiarrolle eller eit verv i verksemda. NAV Arbeidslivssenter kan skreddarsyr eit opplegg for vår verksemd. [Meir informasjon og om påmelding til IA-webinar finn ein her.](#)

Meldesak 10) Medarbeidarundersøkinga 2016 – etterarbeidet er i gang

Måndag 12. desember vart den første hovudrapporten frå undersøkinga MTM II 2016 presentert for ei utvida leiargruppe på fylkeshuset. Vi følgjer i spora til 2012 og 2014 undersøkinga. Vi har distribuert rapportar og linkar til alle aktuelle leiara. Sjølv tilbakemeldingsarbeidet starta på nyåret 2017.

Meldesak 11) Fylkesrådmannen si leiarsamling 2017

Dagane 26. og 27. januar på Quality Hotell Sogndal var vel 40 av fylkeskommunen sine leiara samla til fylkesrådmannen si årlege leiarsamling. Tema denne gongen var arbeidsgjevarpolitikk, medarbeidarundersøkinga, digitalisering og regionreforma. Sjå nyhende på portalen.

Meldesak 12) Innspel til HSU frå fylkeshovudverneombod og medlem Olav Vestrheim

Fylkeshovudverneombodet har spelt inn (e-post 1.2.2017) til administrasjonen og til leiar av hovudsamarbeidsutvalet, eit framlegg til saker som han ber oss utgreie.

1. Avvikshandtering og systematisk internkontroll
2. Årshjul i HSU
3. Organisering av arbeidet mot Vestlandsregionen

Vi treng meir omrømingstid for svare og eventuelt utgreie adekvate innspel. Men vi føreset her at dette i første omgang vert teke opp munnleg i utvalet.

Meldesak 13) Gjennomgang av bedriftshelstenesta

Arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie vil setje ned ei uavhengig ekspertgruppe for å gå gjennom og vurdere bedriftshelstenesta. Stikkord som blir nemnt i pressemeldinga (10.2.2017) er at bedriftshelstenester er omfattande og ressurskrevjande men også et viktig virkemiddel i førebyggande arbeidsmiljørarbeid. Sjå pressemeldinga her:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/vil-gjennomga-bedriftshelsetjenesteordningen/id2538419/>

Meldesak 14) Nulltoleranse mot mobbing av elevar – framlegg til ny lov

Regjeringa vil gi skulane tydelegare og strengare reglar for kva dei skal gjere når born/elevar blir mobba, og styrker rettigheten til borna og deira føresette. Nulltoleranse mot mobbing blir lovfesta. Lovproposisjonen vart lagt frem for Stortinget fredag 17. februar.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑